



DEN NORSKE KYRKJA

Hjelme og Blomvåg sokn

Fastetida 2025

Bøn- og bibelleseplan

5. mars – 19. april

Fastetida er dei 40 dagane før påske som varer frå askeonsdag til påskeaftan. Fastetida er ei førebuing til Jesu død og oppstode, som er ei grensesprengjande og ubegripeleg hending. Faste er ei tid for å gripe fast i det som er umisteleg for trua.

For nokon er dette ei tid for å kople seg frå innarbeidde vanar. For andre er det å kople seg til det som er aller viktigast.

Bibellesing: I år kan du lese Johannesevangeliet. Dette er ei unik bok som fortel om Jesu liv og alt han gav. På søndagane les vi preiketeksta for gudstenestene. Når vi les, kan vi spørje: Kva lærer eg om meg sjølv i denne teksten? Og kva lærer eg om Gud?

Bøn: Bøn har ikkje med mengde ord eller kor lang tid vi brukar. Bøn er at vi ønskjer å komme til Gud med alt vårt, slik at han kan få sleppe til i oss med alt sitt. For kvar veke er det ei liste med bøneemne. Bak i hefte er det ei bøn som kan nyttast kvar dag.



Aktivitetar for fastetida: Det er mange moglegheiter i fastetida. På nettsida kyrkja.no/oygarden/fastetida finn du forslag til aktivitetar for små og store.

Faste – ei tid for stille, ei tid for konsentrasjon, ei tid for å ta imot.

5.-16. mars


veke 10 og 11

Bibelleseplan

5. mars	Joh. 1, 1-18
6. mars	Joh. 1, 19-51
7. mars	Joh. 2, 1-12
8. mars	Joh. 2, 13-23
9. mars	Matt. 26, 36-45
10. mars	Joh. 3, 1-21
11. mars	Joh. 3, 22-36
12. mars	Joh. 4, 1-26
13. mars	Joh. 4, 27-54
14. mars	Joh. 5, 1-23
15. mars	Joh. 5, 24-47
16. mars	Luk. 13, 22-30

Denne veka ber me for

- Takk at Gud høyrer bøn
- Hjelp oss å vere til stades for kvarandre
- Dei som er sjuke
- Skaparverket
- Fred i ei krigsherja verd
- Søndagskulane i Hjelme og Blomvåg
- For Skjergardsheimen og leiarbeidet
- Nautnes bedehus
- Det norske misjonsselskap sitt arbeid i Thailand
- Eigne bønneemne...
- Dei som svelt



17. - 23. mars

veke 12

Bibelleseplan

17. mars	Joh. 6, 1-21
18. mars	Joh. 6, 22-71
19. mars	Joh. 7, 1-24
20. mars	Joh. 7, 25-52
21. mars	Joh. 8, 1-30
22. mars	Joh. 8, 31-59
23. mars	Luk. 1, 39-45

Denne veka ber me for

- Takk at nåden ber
- Å sjå Gud i kvardagen
- Styrke til å stå imot vonde krefter
- For dei som har det vondt
- Krigsoffer og flyktningar
- Verdas statsleiarar
- Dei tilsette i kyrkja
- Stefanusalliansen sitt arbeid blant forfølgde kristne i Kairo
- Eigne bønneemne



24. - 30. mars

veke 13

Bibelleseplan

24. mars	Joh. 9, 1-41
25. mars	Joh.10, 1-21
26. mars	Joh. 10, 22-42
27. mars	Joh. 11, 1-44
28. mars	Joh. 11, 45-57
29. mars	Joh. 12. 1-19
30. mars	Luk. 22, 28-34

Denne veka ber me for

- Takk for livet
- Takk for evna til venskap
- For alle som kjennar på einsemd
- For dei som lid på grunn av si kristne tru
- Våre naboar
- Dei som styrer kommunen
- Gudstenester og gravferder
- Gospel Teens
- INRI-kyrkja
- Normisjon sitt arbeid i Thailand
- Eigne bønemne

31. mars - 6. april

veke 14

Bibelleseplan

31. mars	Joh. 12, 20-50
1. april	Joh. 13, 1-17
2. april	Joh. 13, 18-38
3. april	Joh. 14, 1-14
4. april	Joh. 14, 15-31
5. april	Joh. 15, 1-17
6. april	Joh. 6, 24-36

Denne veka ber me for

- Glede i trua
- Evne til å sjå Guds leiing
- Dei som strevar med livet sitt
- Dei i sorg
- Forvaltinga av rikdomen vår
- At menneske skal koma til tru
- KRIK og Refuel ungdomsklubb
- Bibelgrupper og misjonsforeiningar
- Dei frivillige i kyrkjelyden
- Bedehuset på Vik
- Kristen einskap
- Eigne bøneemne



7. - 13. april


veke 15

Bibelleseplan

7. april	Joh. 15, 18-27
8. april	Joh. 16, 1-15
9. april	Joh. 16, 16-33
10. april	Joh. 17, 1-26
11. april	Joh. 18, 1-11
12. april	Joh. 18, 12-40
13. april	Joh. 12, 1-13

Denne veka ber me for

- Hjelp oss å lytte og lindre
- Håpet om ein himmel
- Fri oss frå misunning og fordømming
- Dei kronisk sjuke
- Dei som strevar med økonomien
- Besøkstenesta
- Ungdomsteamet
- Babysong og småbarnssongen
- Påskevandringane for barnehagane
- Soknerådet
- Kyrkjelydane i Landro, Fjell, Foldnes, Sund og Kausland
- Eigne bønneemne



14. – 19. april

veke 16

Bibelleseplan

14. april	Joh. 19, 1-16
15. april	Joh. 19, 17-42
16. april	Joh. 20, 1-18
17. april	Skjærtorsdag Joh. 20, 19-31
18. april	Langfredag Joh. 21, 1-14
19. april	Påskeaftan Joh. 21, 15-25

Denne veka ber me for

- Takk for frelsa i Jesus
- Tilgjeving og ny start
- Gode og fortrulege samtalar
- Dei som er utan arbeid
- Dei som saknar håp
- Menneske i fattigdom
- Konfirmantarbeidet
- Formiddagstreffa
- Tednebakkane omsorgsenter
- Fellesrådet
- Eigne bøneemne



Herre, jeg vil gjerne takke
for min dag som er fra deg.
Takk for nye muligheter
som du legger foran meg.
Takk for evner, kraft og kall,
takk for løfter uten tall.

Herre, led meg denne dagen,
så jeg ser min nestes nød.
Tal til meg så jeg kan stanse
for å hjelpe slik du bød.
Vi meg tjenersinnets vei,
gi meg kjærlighet fra deg.

Herre, la min dag få være
viet deg og riket ditt,
slik at ord og liv må bringe
videre hva du har gitt.
Før meg dit jeg trenges mest,
bruk meg slik du ser det best.

Herre Kristus, vil du signe
dagen jeg har fått av deg,
slik at himlens krefter kommer
til vår verden gjennom meg.
La meg alltid bære bud
om en mild og mektig Gud!

Liv Nordhaug (Norsk salmebok nr. 716)

Morgonmesser i fastetida

Blomvåg kyrkje tysdagane 4. mars, 18. mars
og 1. april. Oppstart kl. 06.30.

Påskekveld i Blomvåg kyrkje

Blomvåg kyrkje onsdag 9. april kl. 19.00.